



Vestland Fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/2695 - 23/35770

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
16.05.2023

Oversender søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet for bruksendring frå fritidsbustad til bustad til uttale - gbnr 305/31 Fløksand

Tiltak: Bruksendring
Byggjestad: Gbnr: 305/31
Tiltakshavar: Leif Martin Juliussen
Ansvarleg søkjar: Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen As

Saka gjeld søknad om bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad for bygg på eigedomen gbnr 305/31 Fløksand. Eksisterande bygning skal oppgraderast/rehabiliterast. Det skal ikkje etablerast nye tilbygg/ påbygg.

Eigedomen har kommunal vassforsyning og privat avløpsløyving. Det er søkt om utsleppsløyve der utsleppet frå eigedomen vert reinsa i minireinseanlegg før det vert ført vidare til elv, sjå eige situasjonsplan for utsleppssaka. Det er gitt løyve til utvida bruk av avkøyrsla frå kommunal veg i vedtak datert 08.05.2023.

Det går fram av Naturbasen at eigedomen ligg på flate med lausmasse/hav- og fjordavsetning. Det må dokumenterast trygg byggegrunn, jf. pbl § 28-1.

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknadar.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Meland sin arealdel er definert som bygd fritidsbustadeigedom med status som LNF-spreidd fritidsbustad, jf. tabell 9.2 og føresegn 3.2.2.

Bruksendring til heilårsbustad er ikkje i samsvar med arealføremålet. Det er søkt om dispensasjon.

Det går fram av søknaden om utleppsløyve at utslippet frå reinseanlegget skal førast til elv. Byggegrensa mot vassdrag er 50 meter, jf. føresegn 1.6.1. Det går fram av same føresegn at

Der det er naudsynt for framføring av kablar, leidningar og røyr for teknisk infrastruktur, kan graving i 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag utførast så lenge inngrepet skjer skånsamt og terrenget vert ført attende til det opphavlege.

I den grad andre delar av tiltaket enn leidningar skal etablerast innanfor byggegrensa mot vassdrag må det søkjast om dispensasjon også frå føresegn 1.6.1.


Situasjonsplan



Plankart



Fasadeteikning som illustrasjon



Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om løyve i eitt trinn - gbnr 305/31 Fløksand

Vedlegg:

situasjonskart
Situasjonsplan
Fasade nordvest og nordøst
Fasade sørvest og sørøst
Plan - fundament
Tegning Eksisterende Plan 1.etg.
Tegning Eksisterende Plan 2. etg.
Snitt i fritidsbustad
Snitt i tilbygg
Fasade sørvest og sørøst
Fasade nordvest og nordøst
Plan - fundament
Plan 1. etg.
Plan 2. etg.
Snitt i bolig
Snitt i tilbygg

Kopi til:

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen As
Leif Martin Juliussen

Hagellia 6
Orrhøyen 21

5914 ISDALSTØ
5918 FREKHAUG

Mottakarar:

Statsforvaltaren I Vestland
Vestland Fylkeskommune

Njøsavegen 2
Postboks 7900

6863 LEIKANGER
5020 Bergen